

Sektor oppvekst – avdeling skule



Høyringsforslag – lokal forskrift til opplæringslova om hovudmål ved offentlege grunnskular i Volda kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Volda kommune den 20. juni 2024, med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 15-2

§ 1 Formål og virkeområde

Forskrifta seier kva skriftspråk som er hovudmål på dei offentlege grunnskulane i Volda kommune. Skulen skal nytte hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra.

§ 2 Hovudmål

Dei offentlege grunnskulane i Volda kommune nyttar nynorsk som hovudmål.

§ 3 Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå 1. august 2024